

Mal for utdanningsplaner i Helse Vest

Utdanningsvirksomheten skal sørge for at utdanningen av legespesialister skjer innen faglige forsvarlige rammer og på en måte som sikrere tilstrekkelig kvalitet og gjennomstrømning i utdanningsløpet. Det skal lages en **overordnet utdanningsplan** for den enkelte spesialitet som angir hvordan virksomheten vil sikre at leger i spesialisering kan oppnå læringsmålene. Formålet med den overordna utdanningsplanen for hver av spesialitetene er å beskrive oppbygning og rekkefølge for hele utdanningsløpet i spesialiteten, inkludert spesialisering- /suppleringstjeneste.

Forskriften stiller tydelige krav til hva utdanningsplanen skal inneholde. Helse Vest har laget en mal for hvordan utdanningsplanen skal utformes. De ulike planene vil bli publisert på Helseforetakenes nettsider og vil være tilgjengelige for 1) spesialitetskomiteene som skal godkjenne og vurdere utdanningsvirksomhetene og 2) for LIS som skal søke jobb.

Utdanningsplanene skal senest publiseres 1 juni 2019 og skal deretter oppdateres årlig.

Spesialitet:

Barnesjukdomar

Beskrivelse av utdanningsvirksomheten

Barne- og ungdomsklinikken ved Stavanger universitetssjukehus dekkar ein populasjon på ca. 80.000 born under 18 år. Klinikken er organisert i to sengepostar, nyføddintensivavdelinga og sengepost barn/ungdom, samt poliklinikk.

Nyføddintensivavdelinga tek imot dei minste premature og driver spesialisert nyføddmedisin inkludert hypotermibehandling og der pågår fleire kliniske studier i avdelinga. Der er 16 sengeplassar på nyføddintensivavd.

Sengepost barn/ungdom er todelt. Ein akuttpost som tek imot akutte tilstandar infeksjonar og har ein isolatdel for onkologiske born og andre med behov for isolering. Ein utgreiingspost som tek imot pasientar med nevrologiske, gastroenterologiske, endokrinologiske og generelle problemstillingar. Der er 20 sengeplassar på sengepost barn/ungdom.

Poliklinikken har eit godt utbygd allergologisk laboratorium, barnekardiologi, diabetespoliklinikk og generell poliklinikk innan øvrige pediatriske fagfelt.

Tal på fødslar per år: 4385 (2018)

Tal på døgnpasientar barn/ungdom per år (inkludert andel ØH): 2476 (2018)

Tal på dagpasientar per år: 967 (2018)

Tal på polikliniske konsultasjonar per år (inkludert andel ØH): 18 130 (2018)

Klinikken har 13 LIS-stillingar korav ein er reservert for BUP-lege i sideutdanning og ein er reservert for LIS-ar frå Helse Førde og Helse Fonna som treng tenestetid på universitetssjukehus. I periodar tek ein også imot LIS-ar frå anestesiavdelinga for sideutdanning, dette avhengig av gjensidig behov.

Klinikken har 27,5 overlekestillingar korav 9 er tilknytta nyføddavdelinga og 18,5 er tilknytta barn/ungdom.

Forskning- Doktorgrad/Postdoc/PhD:

9 legar + 1 sykepleier avslutta doktorgrad /PhD

1 lege i Post doc stilling

5 pågåande PhD prosjekt

Klinikkdirktør Kvinne-barneklinikken: Oddny Hovtun Bjorland

Avdelingssjef Barne- og ungdomsklinikken: Berit Helgeland Kyllevik

Avdelingsoverlege: Ann Marit Gilje

Seksjonsoverlege 3E4D: Bjørn Barstad

Seksjonsoverlege 3D: Anlaug Vatne

Seksjonsoverlege poliklinikk: Sonja Amdal Aase

FoU-leiar: Knut Øymar

Der er oppretta 11 funksjonar som fagansvarlege overlegar:

Kardiologi (Gerd Bryne), lunge/allergologi (Knut Øymar), gastroenterologi (Dag Tveitnes), nevrologi (Bente Brannsether Ellingsen), endokrinologi (Jostein Førsvoll), nefrologi (Sonja Aase), hematoonkologi (Frauke Bühring), sosialpediatri/ungdomsmedisin (Anne-Kirsti Haugan-Fossen), infeksjon/immunsikt og revmatologi (Bjørn Barstad), akuttpediatri (Kristine Kjer Byberg).

Klinikken har tre vaksjikt for legar: Forvaksjikt som blir dekka av LIS-ane, generell bakvaksjikt og nyføddvaktsjikt.

LIS går per sept 2022 13-delt tilstedevakt med dagvakter frå kl 15 til kl 21 (etter ordinært dagarbeid) og nattevakter frå 2030 til 0900. Forvaksjiktet jobbar 3 helger i ein 11-vekers turnus og helgevaktene går frå 08 til 19 og frå 1830 til 0930.

Generell bakvaktsjikt går per sept 2022 14-delt vakt med tilstedetid til 21 på kvardagar og 17 i helger, heimevakt etter det.

Nyføddvaktsjikt går per sept 2022 8-delt tilstestedevakt med aktiv tid heile døgnet.

Vaktordning på dagtid består av ein LIS og ein overlege. LIS svarar på telefonar frå legevakt og fastlegar og tek imot nye pasientar. Overlege bistår LIS med vurderingar, svarar på telefonar, gjer tilsyn på andre avdelinger og bistår i mottak ved høg tilstrøyming av pasientar.

Beskrivelse av utdanningsløpene

Barne- og ungdomsklinikken ved SUS tilbyr ei utdanning som dekkar alle læringsmål i pediatri. Utdanningsløpet inneber 5 mndr rotasjon til kvar av sengepostane, og i etterkant av dette rotasjon til poliklinikk. Iblant kan ein rotasjon vara 1 år. Alle utdanningskandidatar vil i løpet av si utdanning ha minst to rotasjoner på kvar avdeling.

På akuttposten forventar ein at LIS oppnår læringsmål innan akutt pediatri, praktiske prosedyrer som intravenøs/intraossøs tilgang og spinalpunksjon, infeksjon, lunge/allergologi, revmatologi/immunologi og hematoonkologi.

På utgreiingsposten forventar ein at LIS oppnår læringsmål innan gastroenterologi/ernæring, endokrinologi, metabolske sjukdomar, nevrologi, kardiologi og barnepsykiatri.

På nyføddintensivavd. forventar ein at LIS oppnår læringsmål innan nyføddmedisin samt praktiske prosedyrer innan nyføddmedisin.

På poliklinikken vil ein supplera læringsmål innan lunge/allergologi, gastroenterologi, endokrinologi, nevrologi, nefrologi, revmatologi/immunologi. Læringsmål innan kardiologi, sosialpediatri/ungdomsmedisin, nefrologi, barneortopedi samt prosedyrer/praktiske ferdigheiter vil dekkast ved ein kombinasjon av rotasjoner, scenariotrening og ferdighetstrening som går over dei åra spesialistutdanninga pågår.

Det er planlagt hospitering på Barnehabiliteringa i Stavanger for å oppnå læringsmål i habilitering.

Vedr. barnepsykiatri: Klinikken har eit CL-team med barnepsykiatrar og psykologar. Desse bidrar til LIS-utdanninga gjennom undervisning, felles visitt og felles møte.

Vedr. ernæringsfysiolog: Barneklinikken har KEF som er tilknytta avdelinga og som deltar i tverrfaglege møte og samhandlar med legane på regelmessig basis samt ved behov.

Vedr. sosionom: Barneklinikken har sosionom som er tilknytta avdelinga og som deltar i tverrfaglege møte både planlagt og ved behov.

Vedr. læringsmål innan plastikkirurgi/brannskadar: Det er planlagt eit samarbeid med plastikkirurgisk avdeling for å oppnå læringsmål vedr. behandling av brannskadar.

Introduksjon av nye LIS

Nye LIS får 1. dag omvisning på avdelinga med praktisk informasjon. Dei får deretter eit tre vekers introduksjonsprogram på nyføddintensivavdelinga som ledd i å oppnå vaktkompetanse. Innføring av barselundersøking inngår i dette. Deretter får dei 2-3 dagar med opplæring på sengepost barn/ungdom før dei byrjar med sjølvstendig visitt og vaktarbeid på dagtid. Dei får tett oppfølging og supervisjon i starten.

Dei får utlevert informasjonshefte nyfødd samt informasjonshefte om generelle forhold og sengepost barn/ungdom, samt informasjon om vaktrutiner ved avdelinga.

LIS-ane får tildelt kompetanseplanar for MTU-opplæring nyføddintensiv og for opplæring på sengepost barn/ungdom. I tillegg får dei tildelt faste e-læringskurs for nytilsette legar.

Dei får tildelt rettleiar innan fyrste 2 veker.

Før dei går sjølvstendige vakter har dei opplæringsvakter saman med erfaren LIS. Dei med pediatrierfaring eller annan relevant arbeidserfaring frå før har ei dagvakt og ei nattevakt. Dei utan pediatrierfaring har fem opplæringsvakter, tre dagvakter og to nattevakter.

Supervisjon, veiledning og faglig utvikling

Overlegar som har rettleiingsansvar blir oppfordra til å ta kurs i supervisjon og rettleiing. Det er sett av ein halv time per månad til individuell rettleiing og frå hausten 2019 blir det sett av 45 minutt per månad til grupperettleiing.

Grupperettleiing vil bli leia av overlege med gjennomgått kurs, eller av barnepsykiater eller representant frå Klinisk Etikkomité/Presteteneste med tanke på etiske refleksjonar, relevante felles kompetansemål, og andre forhold enn reint somatiske/praktiske.

Det er sett av 4 timer fordjuping per veke, organisert som enkelte faste heile dagar og resten som fleksible timer på slutten av dagen. Frå august 2019 vil det bli fem faste heile dagar i ein 13 vekers turnus. Ein oppfordrar til aktiv bruk av fordjupingsdagar med både eigenstudier, hospitering på andre avdelinger, delta på spesialistpoliklinikk og delta på visitt med overlege.

LIS som er i rotasjon på poliklinikk deltar fast på lungemøte ein gong per veke. LIS-ar blir invitert med i faggruppemøte men det er nok mest aktuelt for dei

som er komen langt i si spesialisering og som har fått enkelte interessefelt som dei følger opp.

Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål

Ein har kontinuerleg og god dialog mellom supervisørar og rettleiarar med tanke på korleis progresjonen til dei enkelte LIS er. Rettleiarar bidrar med å melda frå til leiar dersom ein LIS ikkje har oppnådd ønska progresjon, med tanke på tilrettelegging av rotasjonar og arbeidsplan slik at mangelen kan utbetrast.

Overlegane har regelmessige evalueringskollegium der ein evaluerer kvar enkelt LIS slik at rettleiar får tilbakemeldingar som kan nyttast i rettleiingssamtalar. LIS og rettleiarar blir informert i forkant.

LIS-ane blir oppfordra til å registrera læringsaktivitetar fortløpende i Kompetanseportalen. Supervisørar og rettleiarar blir også oppfordra til å bruka Kompetanseportalen hyppig slik at LIS-ane får maksimalt utbytte både av læringsaktivitetar og rettleiingssamtalar.

Teoretisk undervisning

Legane har internundervisning 30 minutt 3 dagar per veke i 38 veker per år. Dette er lagt til kl 08 om morgonen slik at også avtroppende LIS får det med seg. Ein tilstreber å unngå at LIS må utføra andre oppgåver medan undervisning pågår. LIS-ane skal som hovudregel ha to undervisningsinnlegg sjølv per halvår. Ein gong per månad har LIS-ane 1 times undervisning med spesialist knytta til eit bestemt fagfelt. Dette gjev moglegheit for fordjuping innan spesifikke problemstillingar. Denne undervisningstimen er interaktiv og lagt opp etter spørsmål/ønske frå LIS-ane.

Interundervisningar er organisert etter fagfelt med ca 2 mndr avsett til kvart fagfelt (totalt 11 fagfelt). Denne roterer etter eit fast mønster og er førebels lagt fram til 2024. Fagansvarlege overlegar bidrar til å fokusera undervisningstema opp mot læringsmål og relevante problemstillingar. Med denne organiseringa kjem ein gjennom alle fagfeltna i løpet av ein 3-årsperiode. Ferdigkeitstrening har vore gjennomført i periodar og det blir jobba med å laga ein plan for dette som del av internundervisninga.

Totalt utgjer internundervisninga 79 timer per år, ferdigkeitstrening inkludert. LIS-ane får som hovudregel eitt kurs per halvår. Der dei av ulike grunnar eit halvår ikkje har fått tatt noko kurs forsøker ein å gje eit ekstra kurs neste halvår.

Felles kompetansemål (FKM)

Felles kompetanse mål gjennomføres delvis som kurs og e-læring arrangert av Regionalt Utdanningsutvalg, delvis gjennom veiledning, gruppeveiledning og klinisk teneste. LIS deltek i kvalitetssikring/forbetring og pasientsikkerheitarbeid via fasilitatoroppgåver, simulering, men og konkrete prosjekt rundt prosedyrar i avdelinga.

Utdanningsutvalg og utdanningsansvarlig overlege

Utdanningsutvalet er samansett av utdanningsansvarleg overlege, representant for forskingsavdelinga, representant for nyføddavdelinga og representant for LIS-gruppa. Utdanningsansvarleg overlege har avsett 20% (ein dag per veke) i sin arbeidsplan til arbeid vedr LIS-utdanninga. Den har ansvar for informasjon til legegruppa om forhold rundt utdanning og undervisning, ansvar for å utnemna rettleiarar til nye LIS og er eit bindeledd mellom klinikken og RegUt/øvrige relevante instansar i LIS-utdanninga.

Forskning

Klinikken har FoU-leiar som er medlem i Utdanningsutvalet. Der er ni legar med doktorgrad i avdelinga.

Lis er oppmoda til å delta i prosjekt ved avdelinga og er velkomne til å delta i forskningsgruppa sine faste møte. Der avdelinga deltar i felles forskningsprosjekt med andre sjukehus eller industri, blir dette spesifikt gjennomgått og undervist i undervegs. Relevante tema frå forskning vil bli kytta opp mot internundervisninga.

Individuell utdanningsplan

Ved tilsetjing vil det utarbeidast ein individuell utdanningsplan for LIS som viser kva LIS skal gjennomføra (læringsmål, læringsaktiviteter og læringsarenaer), basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen skal utarbeidast av LIS i samarbeid med rettleiar og evt. utdanningsansvarleg overlege. Planen skal godkjennast av leiar.

Simulering og ferdighetstrening

Klinikken har ein simulatingsansvarleg overlege og eit team av fasilitatorar, både legar og sjukepleiarar, som planlegger og gjennomfører simuleringarsarbied.

Klinikken har fast scenariotrening på dei ulike postane annankvar veke. Her deltar ein overlege og ein LIS som trengar på ulike realistiske scenario. Annankvar veke er det scenariotrening i akuttmottak saman med personale der, anestesiadv. og andre relevante deltakarar.

Ved rotasjon til nyføddintensiv får ein regelmessig delta i scenariotrening med personale på føde/operasjon/barsel i tillegg til simulering på posten.

Scenariotrening er lagt inn i den enkelte leges arbeidsplan.

To gongar årleg har klinikken treningsdagar på Safersenteret til Lærdal Medical, ein bokt er for nyføddintensiv og ein bokt er for barn/ungdom. Her trenar legar og pleiepersonale saman på relevante akuttsituasjonar.

Frå hausten -19 vil det bli avsett 3 fredager per måned à 45 min til ferdighetstrening.

Tillitsvalgte

LIS-ane har ein hovudtillitsvald og ein varatillitsvald. Det er sett opp regelmessige LIS-møte ein gong per månad. Tillitsvald har dialog med leiar om emne som gruppa ønsker å ta opp. Tillitsvald deltar på intervju av nye LIS-ar ved avdelinga.

Ein tilstreber at tillitsvalde får delta på relevante kurs i tillitsvaldarbeid.

Kontakt

For spørsmål om spesialistutdanningen ta kontakt med utdanningsansvarleg overlege eller avdelingsoverlege.